Suldal kommune

Vinjarheim bukollektiv

DEL I - KONKURRANSEGRUNNLAG

Laust inventar

Open anbodskonkurranse
etter del I og II i forskrifta

Versjonsnr.	Dato	Hovudtrekk endringar	Endra av
00	13.08.2026	Anbodsdokument	ST

Innhald

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgjevar 3
1.2 Føremålet med anskaffinga 3
1.3 Deltilbod 3
1.4 Kontraktsvilkår 3
1.5 Viktige datoar 3
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.2 Tilbodsfrist 4
2.3 Informasjon underlagd teieplikt 4
2.4 Skatteattest 4
2.5 Teieplikt 5
2.6 Vedståingsfrist 5
2.7 Endring av konkurransegrunnlaget 5
2.8 Tilleggsopplysningar 5
2.9 Ønska presentasjonsform 6
3 KVALIFIKASJONSKRAV 7
3.1 Generelt om kvalifikasjonskrav 7
3.2 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv., jf. FOA § 16-2 8
3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet, jf. FOA §§ 16-3 og 16-4 8
3.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren, jf. FOA §§ 16-5 og 16-6 9
3.1 Underleverandør 10
4 Oppdragsgjevars handsaming av tilboda 10
4.1 Offentleg klima- og miljøkrav i anskaffing 10
4.2 Tildelingskriteria 11
4.3 Nærare om evaluering av tildelingskriteria 11
4.3.1 Tildelingskriteriet pris 11
4.3.1.1 Unormalt låge eller høge tilbod eller prispostar 11
5 Tildeling av kontrakt, grunngjeving og karensperiode 11
6 AVLYSING AV KONKURRANSEN 11
7 INNLEVERING AV TILBOD 11
8 VEDLEGG 11
9 Forpliktande underskrift - (tilbodsbrev) 12

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Suldal kommune er byggherre og skal eige og drifte bukollektivet.
Suldal er en del av Ryfylkeregionen og den geografisk største kommunen i Rogaland, med rundt 3 800 innbyggarar. Kommunesenteret er Sand.

1.2 Føremålet med anskaffinga

Suldal kommune er i ferd med å ferdigstille Vinjarheim bukollektiv i Suldalsosen samt oppussing av eksisterande bygningsmasse. Sjukeheimen blir ferdigstilt desember 2026. I høve innflytting har kommunen behov for å møblere bukollektivet. Bukollektivet vil og vere utstyrt med eige storkjøkken, vaskeri, kontor og ei rekke opphaldsareal både innandørs og utandørs. Interiøret skal tilfredsstille krav, vere brukarvennlege og vere med på å prege det nye og moderne bukollektivet i mange år framover. Suldal Kommune ønskjer å invitere leverandørar til å gi tilbod på «Laust inventar til Vinjarheim bukollektiv»

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av del II kontraktsgrunnlag med vedlegg.

1.3 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

1.4 Kontraktsvilkår

Kontrakten reguleres av kontraktsvilkårene i «Del II Kontraktsgrunnlag».

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Eventuell tilbodssynfaring/tilbodskonferanse	Innkalling sendes på kgv.
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	1 veke før innleveringsfrist
Frist for å levere tilbod	11.sept 2026 kl12.00
Tilbodsopning	Etter tilbodsfrist.
Evaluering	1-3 veker etter tilbodsfrist.
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Etter evaluering
Utløp av karensperiode	10 dager etter kunngjering av leverandør
Kontraktsinngåing	Forutset kommunestyrets godkjenning.
Vedståingsfrist for tilbodet	120 dager

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Dersom tilbodsfrist vert endra vil dei andre fristane flyttast tilsvarande. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via Mercell.

All kommunikasjon, herunder eventuelle spørsmål, skal skje gjennom verktøy for konkurransegjennomføring (KGV).

2.2 Tilbodsfrist

Siste frist for innlevering av tilbod går fram av punkt 1.5 Viktige datoar.

Tilbodet skal være levert i KGV før utløp av tilbodsfrist.

For seint innkomne tilbod vert avvist, jf. FOA § 24-1 (1).

2.3 Informasjon underlagd teieplikt

Det skal i tillegg til usladda tilbod leverast ein versjon av tilbodet der det leverandør meiner er unnateke offentleg innsyn er sladda.

2.4 Skatteattest

Tilbyder skal levere attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Utenlandsk firma: Attest utstedt av vedkommende myndighet i tilbyders hjemstat som bekrefter at leverandøren har oppfylt sine forpliktelser vedr. avgifter i samsvar med lovbestemmelser i den stat leverandøren er etablert.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

Dette er ein byggje- og anleggskontrakt og derfor skal også alle underleverandørar levere skatteattest.

2.5 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og forvaltningslova § 13.

2.6 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

2.7 Endring av konkurransegrunnlaget

Innan utløp av tilbodsfrist står oppdragsgjevar fritt til å rette, supplera eller endre konkurransegrunnlaget om dette ikkje er av vesentleg karakter.
Eventuelle endringar vert kunngjort gjennom KGV.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar i spørsmål og svar-funksjonen i KGV.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg gjennom meldingsfunksjonen i KGV.

Det vert oppfordra til at spørsmål til konkurransegrunnlaget vert sendt innan frist for å stilla spørsmål, sjå punkt 1.5.

2.9 Ønska presentasjonsform

Tilbodet skal leverast som angitt nedanfor.

Filnummer	Dokumentasjon	Jf. Pkt.
1	• Signert Tilbodsbrev *Sjå kap.9.* *Atterhald og/eller avvik skal klart gå fram av tilbodsbrev med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet kjem fram (sidetal og punktnummer)*	
2	• Utfylt vedlegg C Prisskjema	4.2
3	• Utfylt kontraktsgrunnlag Kap.F	4.2
4	• Attest for skatt og MVA	3.2
5	• Firmaattest	3.2
6	• Kredittvurdering	3.3
7	• Dokumentasjon kapasitet	3.4
8	• Referanseprosjekt og referansar	3.4
9	• Dokumentasjon KS	3.4
10	• Dokumentasjon miljøleiingssystem	3.4
11	• Dokumentasjon på miljømerking	3.4
12	• Egenerklæringsskjema tømmer og treprodukt, vedlegg F	3.4
13	• Sladda utgåve av tilbod	2.3

Manglande innlevering av dokumentasjon kan føre til avvising, jf. FOA § 24-1 (2).

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Generelt om kvalifikasjonskrav

For å kunna få sitt tilbod evaluert må leverandøren levera etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan på eit kvart tidspunkt i konkurransen be leverandørane levere alle eller delar av dokumentasjonane dersom det er naudsynt for å sikra at konkurransen vert gjennomført på ein riktig måte.

Oppdragsgjevar vil krevje at valde leverandør leverer skatteattest for meirverdiavgift skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader regnet frå fristen for å levera tilbod. Leverandøren skal tilsvarande levere skatteattest for alle underleverandørar ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig ein verdi på 500 000 kroner ekskl. mva.

Me gjer merksam på at det også gjennom del 2 kontraktsgrunnlag er stil krav om dokumentasjon i høve leveransen som vert gjeve tilbod på.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å avvise leverandørar som ikkje har oppfylt sine plikter til å betale skattar og avgifter slik dette går fram av forskrift om offentlige anskaffelser, jf. FOA § 24-2. Dersom leverandøren har fått betalingsutsetjing, må dette leggast ved som tilleggsinformasjon til skatteattesten.

Oppdragsgjevar kan på eit kvart tidspunkt i konkurransen be leverandørane levere alle eller delar av dokumentasjonane dersom det er naudsynt for å sikra at konkurransen vert gjennomført på ein riktig måte.

Oppdragsgjevar vil krevje at valde leverandør leverer skatteattest for meirverdiavgift skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader regnet frå fristen for å levera tilbod. Leverandøren skal tilsvarande levere skatteattest for alle underleverandørar ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig ein verdi på 500 000 kroner ekskl. mva.

Me gjer merksam på at det også gjennom «Del II kontraktsgrunnlag» er stilt krav om dokumentasjon høve leveransen som vert gjeve tilbod på.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å avvise leverandørar som ikkje har oppfylt sine plikter til å betale skattar og avgifter slik dette går fram av forskrift om offentlige anskaffelser, jf. FOA § 24-2. Dersom leverandøren har fått betalingsutsetjing, må dette leggast ved som tilleggsinformasjon til skatteattesten.

3.2 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv., jf. FOA § 16-2

Krav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgiveravgift og meirverdiavgift.	• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd.

3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet, jf. FOA §§ 16-3 og 16-4

Krav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. I dette ligg at leverandøren skal vere kredittverdig, ha tilfredsstillande likviditet og låg konkursrisiko. Årleg omsetning skal vera lik eller høgare enn tilbodssum.	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

Dersom leverandøren støttar seg på andre føretaks kapasitet for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, krev oppdragsgjevar at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten, jf. FOA § 16-10 (4). Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å krevje utskrive forpliktande dokumentasjon frå vinnande leverandør med gruppering for å sikre etablering av dette ansvaret før kontraktsinngåing

3.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren, jf. FOA §§ 16-5 og 16-6

Krav	Dokumentasjon
• Leverandøren skal ha kapasitet til å gjennomføra oppdraget.	Gjer greie for leverandørens gjennomsnittlege arbeidsstyrke og tal medarbeidarar i den administrative leiinga dei siste tre år (kan vera kompetansematrise eller organisasjonskart).
• Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag av relevant art, kompleksitet og omfang. Ved vurderinga vil oppdragsgjevar mellom anna, men ikkje uttømmande, legge vekt på erfaring frå : - Leveransar til offentlege bygg	Skildring av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Dersom det er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg konkurranse, kan oppdragsgjevar også ta omsyn til dokumentasjon for relevante bygge- og anleggsarbeid som leverandøren har utført for meir enn fem år sidan.
• Leverandøren skal ha eit kvalitetsleiingssystem som oppfyller kvalitetsleiingsstandarden ISO 9001 eller tilsvarande.	Leverandøren skal legga fram attest for firmaet sitt kvalitetsleiingssystem utferda av uavhengige organ som stadfester at leverandøren oppfyller visse kvalitetsleiingsstandardar, eksempelvis ISO 9001. Tilsvarande attest utferda av organ i andre EØS-statar vert også godteke. Alternativt kan leverandøren dokumenta at dei har eit tilsvarande kvalitetsleiingsystem. Dokumentasjon skal innehalde opplysningar om systemets namn og at det vert levert ei innhaldsforteikning som syner at systemet tilsvarar ISO 9001.
• Leverandøren skal ha et miljøleiingssystem som oppfyller miljøleiingsstandarden ISO 14001:2015 eller tilsvarande.	Aktuell dokumentasjon kan vera ei eller fleire av desse dokumentgruppene Leverandøren skal legga fram attest for firmaet sitt miljøleiingssystem utstedt av uavhengige organ som stadfester at leverandøren oppfyller visse miljøleiingsstandardar, eksempelvis ISO 14001:2015.

Krav	Dokumentasjon
	Alternativt kan leverandøren dokumenta at dei har eit tilsvarande miljøleiingssystem. Dokumentasjon skal innehalde opplysningar om systemets namn og at det vert levert ei innhaldsforteikning som syner at systemet tilsvarar ISO 14001:2015.
Leverandøren skal levere dokumentasjon på miljømerking.	Oppdragsgivar krev at produkt er merka iht. Vedlegg A – Kravspesifikasjon.
• Leverandøren skal signere eigenerklæringsskjema, vedlegg F	Eigenerklæringsskjema for å sikra lovleg tømmer og treprodukt for møblar skal signerast.

3.1 Underleverandør

Leverandøren kan for denne kontrakten støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. FOA § 16-3, og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. FOA § 16-5.

Dersom ein leverandør støtter seg på kapasiteten til andre verksemder, skal han dokumentere at han råder over dei naudsynte ressursane, jf. FOA § 16-10, til dømes i form av ein forpliktelseserklæring.

Det skal i tillegg leverast eigna ESPD-skjemaer for aktuelle underleverandører.

4 Oppdragsgjevars handsaming av tilboda

4.1 Offentleg klima- og miljøkrav i anskaffing

Dei mest aktuelle klima- og miljøtiltaka i prosjektet er identifisert som:

- Krav til miljøledelsessystem hos leverandør
- Krav til miljømerking av produkt

Desse tiltaka er meir hensiktsmessige å få full effekt for, enn å ha ei konkurranse om ulike grader av desse. Det vurderes i dette tilfellet at det absolutte er betre enn det relative.

Klima- og miljøkrav er ivaretatt i kravspesifikasjon, og er ikkje ein del av tildelingskriteria.

4.2 Tildelingskriteria

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har best pris.

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
• **Pris** - evalueringssum	100 %	• Ferdig utfylt prisskjema

4.3 Nærare om evaluering av tildelingskriteria

4.3.1 Tildelingskriteriet pris

Tilboden pris, i form av evalueringssum i prisskjemaet, vert lagt til grunn for evaluering. Tilbyder skal legge saman alle delsummar, jf. prisskjemaet, til ei total evalueringssum.

Ved evalueringa av tildelingskriteriet pris vert gjeve poeng på ein skala frå 0–10 der 10 poeng er best og 0 poeng er dårlegast. Total evalueringssum vert nytta for evaluering. Poeng vert berekna ut frå lineær metode. Poenga vil deretter vektast med angjevne prosent. Dersom forskjellen på tilboda er 100 % eller meir til lågaste pris, vil tilbod gjevast 0 poeng.

4.3.1.1 Unormalt låge eller høge tilbod eller prispostar

Dersom tilbodsprisen eller prispostar framstår som unormalt lågt eller høgt, kan Oppdragsgjevar skriftlig krevje at leverandøren gjer greie for tilbodets samansetning med overtydande dokumentasjon før endeleg vurdering vert føreteke.
Dersom det unormale prisnivået ikkje kan forklarast i tilstrekkeleg grad kan Oppdragsgjevar avvise tilbodet jf. FOA § 24-9.

5 Tildeling av kontrakt, grunngjeving og karensperiode

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med og grunngjeving for valet, samt lengd på karensperioden før kontraktsinngåing.

6 AVLYSING AV KONKURRANSEN

Oppdragsgjevar har rett til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, til dømes ved bortfall av planlagd finansiering eller manglande godkjenning frå offentlege instansar eller frå politisk hald. Avlysing grunna slike tilhøve gjev ikkje grunnlag for erstatning.

7 INNLEVERING AV TILBOD

Tilbodet skal leverast via Mercell.

8 VEDLEGG

- Kontraktsgrunnlag m/vedlegg

9 Forpliktande underskrift - (tilbodsbrev)

Leverandøren skal fylla ut tabellen og signera under tabellen.
Tilbodet skal signerast av person med fullmakt til å forplikte leverandør.

Firmanamn:			
Org. nummer:			
Postadresse:			
Besøksadresse:			
Telefonnummer:			

Kontaktperson:			
Telefonnummer:		Mobilnummer:	
E-postadresse:			

Ovannemnde leverandør gir med dette vedlagt tilbod i samsvar med dei vilkåra som kjem fram av konkurransegrunnlaget.

☐ Vi vedstår oss vårt tilbod til den dato som er gitt i konkurransegrunnlaget. Tilbodet kan aksepterast av oppdragsgivar når som helst fram til utløp av vedståingsfrist.

Total sum eks mva: _____

_____ _____

Stad Dato Underskrift

_____

Namn med blokkbokstavar